



Klima- og miljødepartementet

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 14/594-3  
Journalpostid: 14/4787

Saksh: Gunnhild Sandvin  
Telefon: 53 67 35 27

Arkivkode Dato:  
K2-K01, K2- 19.09.2014

## Melding om vedtak - øyring - endring av motorferdelloven sendt på mail.

Det er fatta følgjande vedtak i saka:

### KST-064/14 Vedtak:

Rådmannen støttar høyringsuttalelsen frå utmarkskommunenenes sammenslutning USS – forslag til lov og forskriftsendring men vil tilføye følgande endring i § 4a:

Når det gjeld sonane for nasjonal villreinområde bør ein skilla på A og B område der B områder er område som villreinen ikkje nyttar men potensielt kan bruka. Rådmannen vil foreslå at det i villreinområde kl B vert same ordning som for Rv 7 over Hardangervidda, der vegen blir stengt når villreinen kjem innanfor ein viss avstand frå vegen.

Med venleg helsing  
Eidfjord kommune

  
Gunnhild Sandvin  
møtesekretær

Kopi til arkiv og kopibok

*Vedlegg: Uttale frå Motorferdelutvalet i Eidfjord,*



Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121  
Bankgiro: 3450.19.60006  
Innbetaling skatt: 7855.05.12326  
[www.eidfjord.kommune.no](http://www.eidfjord.kommune.no)

**Eidfjord - unik frå fjell til fjord**

Telefon: 53 67 35 00  
Telefaks: 53 67 35 75  
Epost: [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)



**EIDFJORD KOMMUNE**

Arkiv: K2-K01, K2-  
Arkivsak ID: 14/594 - 2  
Journalpost ID: 14/4304  
Saksh.: Rolf Erling Loe  
Dato: 29.08.2014

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksh.
Eidfjord formannskap	01.09.2014	103/14	LOEROL
Eidfjord kommunestyre	15.09.2014	064/14	LOEROL

### Offentleg

## Endring av motorferdseloven på høring

### Dokument i saka:

Nr	Dok.dato	Avs./Mot.	Tittel
1	I 19.08.2014	USS	USS-nytt 33/14 - Endring av motorferdseloven på høring

### Vedlagt:

Høyringsuttale frå utmarkskommunenes samanslutning (USS)  
Uttale frå motorferdselsutvalet

### Særutskrift skal sendast til:

### Endeleg avgjerd i:

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen støttar høyringsuttalelsen frå utmarkskommunenes sammenslutning USS – forslag til lov og forskriftsendring men vil tilføye følgande endring i § 4a:

Når det gjeld sonane for nasjonal villreinområder bør ein skilla på A og B områder der B områder er område som villreinen ikkje nyttar men potensielt kan bruka. Rådmannen vil foreslå at det i villreinområde kl B vert same ordning som for Rv 7 over Hardangervidda der vegen blir stengt når villreinen kjem innanfor ein viss avstand frå vegen.

### 01.09.2014 Eidfjord formannskap

#### Handsaming:

Det vart sett fram slikt framlegg til vedtak:  
Saka går til handsaming i kommunestyret.



Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121  
Bankgiro: 3450.19.60006  
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

[www.eidfjord.kommune.no](http://www.eidfjord.kommune.no)

#### Eidfjord - unik frå fjell til fjord

Telefon: 53 67 35 00  
Telefaks: 53 67 35 75  
Epost: [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)

Røysting:  
Samrøystes vedteke.

**FSK-103/14 Vedtak:**

Saka går til handsaming i kommunestyret.

**15.09.2014 Eidfjord kommunestyre**

**Handsaming:**

Røysting:  
Samrøystes vedteke.

**KST-064/14 Vedtak:**

Rådmannen støttar høyringsuttalelsen frå utmarks kommunenes sammenslutning USS – forslag til lov og forskriftsendring men vil tilføye følgande endring i § 4a:

Når det gjeld sonane for nasjonal villreinområde bør ein skilla på A og B område der B områder er område som villreinen ikkje nyttar men potensielt kan bruka. Rådmannen vil foreslå at det i villreinområde kl B vert same ordning som for Rv 7 over Hardangervidda, der vegen blir stengt når villreinen kjem innanfor ein viss avstand frå vegen.

**Saka gjeld:**

Klima og Miljødepartementet (KMD) har sendt ut på høyring forslag til endring i lov 10 juni 1977 nr. 82 om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdselsloven), og forskrift 15 mai 1988 nr. 356 for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag (forskrift for motorkjøretøyer i utmark)

Høyringsfristen er 19 september.

Regjeringa ynskte å gi kommunane større ansvar og råderett i eige lokalmiljø. I Sundvolderklæringa pkt. 10 heiter det at Regjeringa vil la kommunane forvalta motorisert ferdsl i utmark. På bakgrunn av dette iverksatte regjeringa vinteren 2013/ 14 eit forsøk der 104 kommunar blei gitt anledning til å etablere snøscooter løyper for «fornøyelseskjøring». Sivilombudsmannen konkluderte i ein uttale 12 juni 2014 med at omfanget av forsøket låg utanfor dei rettslege rammane til forsøksloven.

Regjeringa 19. juni 2014 beslutta å avvikla forsøket og i staden leggje til rette for ein rask lovprosess. I vedtak , ved behandling av innst. 309 frå energi og miljø kommiteen ba stortinget regjeringa om snarast råd å leggje fram forslag til endring i lov om motorferdsel i utmark og vassdrag som sikrar lokal forvaltning.

USS har på landstyremøte 27 – 29 september kome med høyringsuttale – forslag til lov og forskriftsendring.

**Vurdering:**

Motorferdselsloven § 4a forbudsoneer:

Eidfjord kommune støtter forslaget til endring frå USS ved å ta vekk “foreslåtte verneområder” i lovteksten.

Når det gjeld sonene for nasjonal villreinområder bør ein skilla på villreinområde Kl. A og Kl. B. Når omfanget av nasjonalt villreinområde vart fastlagt gjennom arbeidet med regional plan for Hardangervidda vart det bestemt at villreinområde skulle omfatta villreinens



Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

Org.nr: 944 227 121  
Bankgiro: 3450.19.60006  
Innbetaling skatt: 7855.05.12326

[www.eidfjord.kommune.no](http://www.eidfjord.kommune.no)

**Eidfjord - unik frå fjell til fjord**

Telefon: 53 67 35 00  
Telefaks: 53 67 35 75  
Epost: [postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)

potensielle leveområde og ikkje det villreinen nyttar. Villreinområde Kl A er verna etter naturvernloven og Kl B er område der «*utmarksnæring og friluftsliv skal utøvast, men tilpassas villreinens behov*» ref. Reg.plan for Hardangervidda s 43.

Viser til brev frå KMD kap.3 der ein antyder ei opning for bruk av villreinområde under føresetnad av at det blir teke omsyn til villreinen.

*«Departementet har vurdert om alle villreinområder bør vere unntatt, men har funnet at dette vil dekke svært omfattende arealer utan at det nødvendigvis er skadelig for villrein at det anlegges løyper i de enkelte områdene. I den grad de planlagte snøscooter løypene faktisk utgjør en trussel mot villrein eventuelt andre dyre- og fugle arter eller annet naturmangfold, plikter kommunen uansett å ta hensyn til dette...»*

Eidfjord kommune støttar forslaget om at ein ikkje kan etablere løyper i villreinområde Kl A. Områder som er klassifisert som Kl B områder er område som villreinen ikkje brukar til vanleg, men kan nyttast av villrein. Me vil foreslå at det i villreinområde kl B vert same ordning som for Rv 7 over Hardangervidda der vegen blir stengt når villreinen kjem innanfor ein viss avstand frå vegen. Dette ser me på som viktig for kommunar rundt villreinområde at ein har mogelighet til å tillata scooterløyper i dei områda som er klassifisert som B område for villrein.

Motorferdselsutvalet i Eidfjord ynskjer at kommunen kan etablere eit område for «*frikjøyring*». Dette for å kunne redusere ulovleg kjøyring utanfor løypenett. Med lovforslaget er det ikkje høve til å opne opp område for frikjøyring. Eit frikjøyringområde må sjåast på same måte som eit lukka området for motorsport og må vera eit lukka område ut i frå sikkerheita til dei som kjøyrer og andre.

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen økonomiske konsekvenser

**Juridiske konsekvensar:**

**Miljømessige konsekvensar:**

Ingen miljømessige konsekvenser med dei foreslåtte endringane.

**Personalmessige konsekvensar:**

Aud Opheim Lygre  
rådmann

Rolf Erling Loe  
sakshandsamar